



Major Harald Gåsø og kultursjef Kristian Bringedal med revolverkanona som spela ei rolle under kampene her i 1940

**Revolverkanona på Sandakaien er eit militærhistorisk klenodium av fyrste rang som det må takast godt vare på og vedlikehaldast, At så er tilfelle konstaterte sjefen for Bergenhus Festningsmuseum, major Harald Gåsø då han inspiserte krigsminnet i dag. Sjølve kanona er til og med nymåla og fundamentet skal målast snart. At sluttstykket manglar på den franskproduserte kanona som vart brukt her i april dagane i 1940 kan ein truleg ikkje gjera noko med.**

Men det er kanskje ikkje umogeleg at ein dyktig smed kan det. Major Gåsø inspiserte også ein liknande kanon i Odda-området i dag.

Han er infanterist, men er slett ikkje på berr bakke med omsyn til kanonar ettersom han har saluttert 12 gonger i året gjennom 10 år på Bergenhus. Det har rett nok skjedd med vanlege feltkanonar. Museet han leiar er eit spegelbilette av 1000 år Bergens- og Noregshistorie og har tydelegvis ein offensiv profil. Besøket har auka sterkt i det siste, passerte 8300 i fjor og har 10 000 som mål. Majoren er den einaste tilsette på heiltid men til hjelp har han 6 velskolerte pensjonistar.

Inspeksjonen av dei 2 kanonane på våre kantar var ikkje eit rutinemessig oppdrag for Gåsø, men leiinga for Forsvarsmuseet i Oslo fant det praktisk at han tok jobben av geografiske grunnar. Tilsaman sorterer 7 musear under Forsvarsmuseet og ein skilde minne er deponert der dei har ein naturleg plass historisk sett - som til dømes kanona i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen